

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad:</b>	, Åsane vgs
<b>Dato:</b>	13.10.2021
<b>Tid:</b>	10:00-14:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Moland	Medlem	H
Trude Brosvik	Nestleiar	KRF
Sigrid Rønneberg	Medlem	SAFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Egil Bru Overaa	Medlem	FFO
Anita Helen Hammerseth Æsøy	Medlem	FFO

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Bente Borghild Underthun	Medlem	SAFO
Kjell Gitton Håland	Medlem	A

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Eirik Dahl	Bente Borghild Underthun	SAFO

**Merknader**

Det var sju medlemmer til stades under møtet.

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Kenth Rune Teigen Måren	Seksjonssjef, kvalitet i opplæringa
Arild Knapskog	Møtesekretær / rådgjevar, politisk sekretariat

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 12/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 13/21	Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.09.2021	2020/77152	
GK 14/21	Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 10.09.2021	2020/77152	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 31/21	Ny Handlingsplan for Universell utforming 2021-2025	2020/75953	
RS 32/21	Verkstad i trafikktryggingstutvalet 4. oktober 2021	2020/77152	
RS 33/21	Innspel til saker RMNF skal arbeide med framover	2020/77152	
RS 34/21	Høyringsinnspel til arbeidet med regional transportplan - ei kort oppsummering	2020/77152	
RS 35/21	Manglande universell utforming i skular - rapport Unge funksjonshemmede/FFO	2020/77152	
RS 36/21	Fylkeskulturkonferansen 2021	2020/77152	
RS 37/21	Målform i vidaregåande opplæring	2020/77152	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 32/21	Innspel - høyring om ny opplæringslov og endringar i friskulelova	2020/77152	
PS 33/21	Utvikling av busstilbodet i Bergen sentrum	2021/47615	
PS 34/21	Uttale - bybanen frå sentrum til Åsane		
PS 35/21	Møteplanen 2021		

## Godkjenningssaker

### **GK 12/21 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å sette saka PS 34/21 «Uttale - bybanen frå sentrum til Åsane» på sakskartet i møtet utan saksframlegg

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok samrøystes å sette saka PS 35/21 «Møteplanen 2021» på sakskartet i møtet utan saksframlegg

Møteinnkallinga og sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

### **GK 13/21 Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 01.09.2021**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

### **GK 14/21 Godkjenning av protokoll frå møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 10.09.2021**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Møteprotokollen vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### **RS 31/21 Ny Handlingsplan for Universell utforming 2021-2025**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Saka vart referert.

### **RS 32/21 Verkstad i trafikktryggingsutvalet 4. oktober 2021**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Saka vart referert.

### **RS 33/21 Innspel til saker RMNF skal arbeide med framover**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Saka vart referert.

### **RS 34/21 Høyringsinnspel til arbeidet med regional transportplan - ei kort oppsummering**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Saka vart referert.

### **RS 35/21 Manglande universell utforming i skular - rapport Unge funksjonshemmede/FFO**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Saka vart referert.

### **RS 36/21 Fylkeskulturkonferansen 2021**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Saka vart referert.

## **RS 37/21 Målform i vidaregåande opplæring** **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Saka vart referert.

### **Politiske saker**

#### **PS 32/21 Innspel - høyring om ny opplæringslov og endringar i friskulelova**

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev følgjande uttale:

#### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:

Likestilling av skriftspråka, også teiknspråk, punktskrift og supplerande kommunikasjon (ASK) er påkrevd. Her må ein kanskje vere endå tydelegare på at tilboda skal føreligge samtidig. Og uten lange søknadsprosessar / ventetid for dei som treng tekniske hjelpemiddel. RMNF meiner tilbodet om lydbøker pr. i dag er for dårleg og bør vere standard hjelpemiddel for dei som treng det.

RMNF meiner tilbodet om opplæring for asylsøkarar må gjelde til vedkomande blir sendt ut av landet, og ikkje berre til avslag er gitt. (§5-9)

§11, som gjeld personleg assistanse, fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel er svært viktig for menneske med nedsett funksjonsevne. (Desse rettane gjeld også for vaksenopplæringa)

I §12-7 er det fysiske miljøet omtala. Her meiner RMNF kravet for tilrettelegging er for vagt når det gjeld bygg som allereie er bygt.

§14-2 peikar på det RMNF ved fleire høve har vore oppteken av; retten for alle å høyre til i ein klasse og til å utvikle sosial samkjensle. Og at det berre i særskilde og avgrensa deler av opplæringa er lov å bruke egne grupper utifrå fagleg nivå.

Lova må sikre god kunnskapsoverføring om den enkelte elev sitt behov frå grunnskule til vidaregåande opplæring (både offentleg og privat).

Det er viktig at PP-tenesta og opplæringskontor har tett kontakt, og at det er opplæringskontoret som ivaretar vidare kontakt mot arbeidslivet.

RMNF meiner at omgrepet "universell opplæring" gjer at omgrepet "tilpassa opplæring" mistar mål og innhald. Vi er redd "universell opplæring" vil svekke eleven sine krav til individuell tilrettelagt opplæring, både når det gjeld å avdekke behov og sikre tiltak.

I forhold til dysleksi, ynskjer vi at premissa til dysleksivenleg skule leggjast til grunn for å identifisere behov, tiltak og sikre både individuelle og generelle tiltak.

Ved innføring av større lokalstyring, som vi meiner kan vere positivt, er det særleg viktig å ha eit system som er ope og sikrar rettane til brukarane.»

#### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Likestilling av skriftspråka, også teiknspråk, punktskrift og supplerande kommunikasjon (ASK) er påkrevd. Her må ein kanskje vere endå tydlegare på at tilboda skal føreligge samtidig. Og utan lange søknadsprosessar / ventetid for dei som treng tekniske hjelpemiddel. RMNF meiner tilbodet om lydbøker pr. i dag er for dårleg og bør vere standard hjelpemiddel for dei som treng det.

RMNF meiner tilbodet om opplæring for asylsøkarar må gjelde til vedkomande blir sendt ut av landet, og ikkje berre til avslag er gitt. (§5-9)

§11, som gjeld personleg assistanse, fysisk tilrettelegging og tekniske hjelpemiddel er svært viktig for menneske med nedsett funksjonsevne. (Desse rettane gjeld også for vaksenopplæringa)

I §12-7 er det fysiske miljøet omtala. Her meiner RMNF kravet for tilrettelegging er for vagt når det gjeld bygg som allereie er bygt.

§14-2 peikar på det RMNF ved fleire høve har vore oppteken av; retten for alle å høyre til i ein klasse og til å utvikle sosial samkjensle. Og at det berre i særskilde og avgrensa deler av opplæringa er lov å bruke eigne grupper utifrå fagleg nivå.

Lova må sikre god kunnskapsoverføring om den enkelte elev sitt behov frå grunnskule til vidaregåande opplæring (både offentleg og privat).

Det er viktig at PP-tenesta og opplæringskontor har tett kontakt, og at det er opplæringskontoret som ivaretar vidare kontakt mot arbeidslivet.

RMNF meiner at omgrepet «universell opplæring» gjer at omgrepet «tilpassa opplæring» mistar mål og innhald. Vi er redd «universell opplæring» vil svekke eleven sine krav til individuell tilrettelagt opplæring, både når det gjeld å avdekke behov og sikre tiltak.

I forhold til dysleksi, ynskjer vi at premissa til dysleksivenleg skule leggjast til grunn for å identifisere behov, tiltak og sikre både individuelle og generelle tiltak.

Ved innføring av større lokalstyring, som vi meiner kan vere positivt, er det særleg viktig å ha eit system som er oppe og sikrar rettane til brukarane.

## **PS 33/21 Utvikling av busstilbodet i Bergen sentrum**

Forslag til vedtak

Medverknadsorganet støttar vurderingane kring moglege løysingar og tilrådde tiltak for å betre tilgangen til kollektivtilbodet i områder med låg kollektivdekning i Bergen sentrum.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

#### **Avrøysting**

Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektiv sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

Medverknadsorganet støttar vurderingane kring moglege løysingar og tilrådde tiltak for å betre tilgangen til kollektivtilbodet i områder med låg kollektivdekning i Bergen sentrum.

## **PS 34/21 Uttale - bybanen frå sentrum til Åsane**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sette saka på sakskartet i møtet utan saksframlegg.

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:

RMNF har ikkje merknader til trassevalet for bybanen når det gjeld kulturhistoriske konsekvensar eller økonomi. Uttalen vår er avgrensa til omsynet for mennesker med nedsett funksjonsevne si tilgjenge og bruk av bybanen.

Vi legg til grunn at reisetid er tida ein bruker på å forflytte seg til haldeplass + tida det tar å reise med bybana. Derfor vil reisetida for menneske med ei form for rørslehemming bli lengre om ein vel tunnel-alternativet. Fordi ein av dei mest sentrale stoppeplassane skal vere underjordisk og ikkje på / ved Torget. Det vil sjølvstøtt også vere fysisk tyngre og meir krevjande å kome seg til/frå ein underjordisk haldeplass enn det vil vere for ein haldeplass i dagalternativet.

For andre grupper, t.d. blinde/svaksynte, vil det å finne fram til haldeplassen kunne vere meir utfordrande, og kreve svært god merking. Også her vil dagalternativet vere enklare enn ved tunnelalternativet.

Eit tilleggsmoment vil vere at evakuering av mennesker med nedsett funksjonsevne vil vere svært krevjande i tunnel og underjordisk haldeplass. Ein bør difor ha mest mogleg av bana i dagen.

RMNF tilrår derfor at dagalternativet vert valt.»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

RMNF har ikkje merknader til trasévalet for bybanen når det gjeld kulturhistoriske konsekvensar eller økonomi. Uttalen vår er avgrensa til omsynet for menneske med nedsett funksjonsevne si tilgjenge og bruk av bybanen.

Vi legg til grunn at reisetid er tida ein bruker på å forflytte seg til haldeplass + tida det tar å reise med bybana. Derfor vil reisetida for menneske med ei form for rørslehemming bli lengre om ein vel tunnel-alternativet. Fordi ein av dei mest sentrale stoppeplassane skal vere underjordisk og ikkje på / ved Torget. Det vil sjølvstøtt også vere fysisk tyngre og meir krevjande å kome seg til/frå ein underjordisk haldeplass enn det vil vere for ein haldeplass i dagalternativet.

For andre grupper, t.d. blinde/svaksynte, vil det å finne fram til haldeplassen kunne vere meir utfordrande, og krevje svært god merking. Også her vil dagalternativet vere enklare enn ved tunnelalternativet.

Eit tilleggsmoment vil vere at evakuering av menneske med nedsett funksjonsevne vil vere svært krevjande i tunnel og underjordisk haldeplass. Ein bør difor ha mest mogleg av bana i dagen.

RMNF tilrår derfor at dagalternativet vert valt.

## **PS 35/21 Møteplanen 2021**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 13.10.2021**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sette saka på sakskartet i møtet utan saksframlegg

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av rådet fram slikt forslag:

«Alternativ:

Ny møtedato: 12. november kl. 10.00 (D)»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Ny møtedato: 12. november kl. 10.00 (D)